

**Sakshandsamar:**

Idar Sagen  
E-post: idar.sagen@sfj.no  
Tlf.: 57 88 47 54

**Vår ref.**

Sak nr.: 14/5094-10  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

38141/14

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 28.11.2014

**Vedlegg til sak:**

## Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk i Førde, Askvoll og Naustdal kommunar – Sunnfjordpakken

### Saksutgreiing for Støselva kraftverk i Førde kommune

#### 1. Omtale av tiltaket.

Støselva kjem frå fjellområda mellom Viksdalen i Gaular og Holsen i Førde og renn ut i Åsavatnet , kote 131. Frå vatnet er det avløp via Huldrefossen til Jølstra og Movatnet. Det går bilveg østover frå Indreåsane til kryssing av elva over ny bru og eit stykke oppover på østsida til elva. Den nye 420 kV linja mellom Moskog og Høyanger kryssar elva ved brua. Vidare oppover frå bilvegen går det traktorveg opp til inntaksområdet.


Søkjaren, Støselva kraft SUS, er eigd av grunneigarane som har fallrettar i området.

Hovuddata for Støselva kraftverk

<b>Tilsig</b>	
Nedbørsfelt , km2	5,6
Middelvassføring ved inntaket, m3/sek	0,45
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	17
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	23
Fem-persentil* vinter, liter/sek	20
<b>Kraftverk</b>	
Inntak, kote	445
Avløp, kote	135
Brutto fallhøgde, meter	310
Slukeevne, maks m3/sek	0,85
Slukeevne, min m3/sek	0,09
Installert effekt, maks MW	2,2
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	20/20
Brukstid, timar	2730
<b>Produksjon</b>	
Årleg middel, GWh	6,0
<b>Økonomi</b>	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	23,1
Utbyggingspris, kr/kWh	3,85

\* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Inntaket er planlagt rett nedstrøms ei sideelv som kjem inn frå vest. Dette er også nedstrøms eit stølsområde. Det skal byggast ein betongdam med lengde ca. 20 meter, overløp 12 meter. Dammen vil påverke elva ca. 30 meter oppstrøms. Eksisterande traktorveg skal opprustast for å kunne brukast som anleggsveg. Om lag 40 meter ny veg må byggast fram til inntaket. Nedgravd rørgata skal gå nedover lia på østsida av elva og vil krysse vegen til Slåttene og Åsen på kote 160. Det er fjell i dagen over store deler av strekninga på 1,4 km og her må det sprengast grøft for rørgata. Kraftstasjon med grunnflate ca. 70 m<sup>2</sup> vil bli plassert ved elva ca. 140 meter frå Åsavatnet. Nødvendig areal til bygning og parkeringsplass vil bli 1 da. Tilkomst til kraftstasjonen blir via 200 meter ny veg langs rørgata. Krafta vil bli transportert til noverande 22 kV linje via ein 580 meter lang jordkabel.



Støselva kraftverk



Inntaksområdet kote 440.



Stølselva nedstrøms ny bru. 420 kV linja. Åsavatnet i bakgrunnen. Foto 14.10. Idar Sagen.

## **2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)**

### Hydrologi

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 20 liter/sek heile året. 5-persentil sommar og vinter er oppgitt til 23 og 20 liter/sek. (side 8 i søkn., på side 25 i søkn. er tala oppgitt til å vere 26 og 23 liter/sek.) I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn kraftverket si maksimale slukeevne (0,85 m<sup>3</sup>/sek) i 58 dagar (overløp). Nedbørsfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen (restfeltet) vil i gjennomsnitt gje ei vassføring på 126 liter/sek like oppstrøms kraftstasjonen. Mykje av dette tilsiget kjem frå ei sideelv frå sørvest som renn inn i Stølselva på kote 295.

### Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon

Det er ikkje venta spesielle ulemper på grunn av kraftutbygginga.

### Biologisk mangfald, sitat frå samandrag i rapport frå Spikkeland Naturundersøkelser, s. 2:

Vannføringa i Stølselva blir redusert på strekningen fra kote 445 til kote 135. Dette vil forverre hekkesituasjonen for fossefall og vintererle, som begge er sannsynlig forekommende i vassdraget. Forholdene vil bli vanskeligst i øvre partier, hvor restvannføringa blir lavest. Redusert vannføring vil også kunne vere negativt for oter, som sannsynligvis er knyttet til nedre del av Stølselva. Foreslått slipping av minstevannføring bør økes noe, spesielt om sommeren. Dette vil også kunne trygge leveområdene for bekkeørret, bunndyrfauna og karplanter, lav- og moseflora som er nært knyttet til kulper, fosser og stryk. Det bør vurderes satt opp egne rugekasser for fossefall i fossefall som får fraført vann. Bygging av inntaksdam m/midlertidig anleggsvei, rørgate/driftsvannvei og kraftstasjon m/utslippskanal, tilkomstvei og trasè for nettilknytning blir vurdert som lite konfliktylft. Ulempene ved samtlige typer terrenginngrep vil vere størst under, og like etter, anleggsfasen. Forstyrrelser knyttet til anleggsarbeid og annen ferdsel/aktivitet vil virke negativt inn på fugle- og dyrelivet. Yngleperioden er mest kritiske periode.'

Konsekvensvurdering: Raudlisteartar: Middels negativ. Terrestrisk miljø: Liten negativ. Akvatisk miljø: Lite/ingenting.



Stølselva ca. kote 400 (foto 20.08.2009: Ole Kristian Spikkeland).

#### Landskap og INON, sitat s. 30 i søkn.:

Stølselva er veldig lite synleg då elva ligg djupt i dalen og det er tett skog i området. Traktorvegen til Støylen kryssar elva på kote 270 og går deretter aust for elva. Elva er difor lite synleg og når ein nyttar vegen til støylen. Det er mange små fossefall i elva, men desse er ikkje synlege. Ved bygging av kraftverket vil rørgatetraseen påverke landskapet mest. Ein vil sjå at det er hogge ein trase for rørgata i 20 m bredde frå kraftverket og opp til kote 275. Deretter dreiar dalen austover, og ein vil ikkje kunne sjå traseen vidare oppetter lia frå Åsane eller Mo. Kraftverkstomta ligg i innmark, og det nye bygget vil bli tilpassa lokal byggeskikk. Inntaket med bygging av 40m veg og ein betongdam på 12m vil mest sannsynleg ikkje vise frå vegen til støylen. Den ligg ca 100m nedstrøms brua til Indreås-støylane og noko lågare, slik at den ikkje blir synleg for dei som går til Indreåsstøylane og Sandegga.

Konsekvensvurdering: Liten/ingenting.

#### Kulturminne og kulturmiljø, sitat s.32 i søkn.:

Det er eit gammalt Kvernhus (Anno 1846) i Stølselva ved Slåttebrua (vegbrua til Slåttene). Rørgatetraseen kjem ikkje i konflikt med denne lokaliteten. Nedanfor Slåttebrua er det restar etter to andre kvernhus og ei oppgangssag, heller ikkje desse blir påverka av tiltaket. I Askeladden databasen er det ikkje avmerkt automatisk freda kulturminne i dette området.

Konsekvensvurdering: Liten/ingenting.

#### Brukarinteresser , sitat s. 33 i søkn.:

Åsvatnet blir nytta ein del til friluftsliv (bading, grilling, fising, skøyter osv.) Elles blir området langs elva/stølsvegen brukt ein del til bær/sopp plukking og av turgåarar. Det er ein del som går frå indre Åsen til Sandegga. Indre Sunnfjord Turlag har årleg ein organisert tur her.

#### Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til om lag 23 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 3,85 kr/kWh, som er middels pris.

#### Sumverknader/samla belastning, sitat s. 35 i søkn.

...Neste delane av Åsane er prega av stor menneskeleg påverknad. Det går i dag ein stølsveg fram til Åsstølane rett oppstrøms inntaket, og det går ein gardsveg som kryssar rørgata og går inn til innte garden på Slåttene. Den ekstra belastninga på naturen som følgje av dette kraftverket er vurdert til å bli liten. Når det gjeld omkring liggjande vassdrag er det planlagt eller bygt fleire anlegg. Dette har samanheng med fleire naturgitte forhold, som mykje nedbør og store høgdeskilnader. I Førde kommune er det etter kvart bygd mange småkraftanlegg. Desse gjev viktige bidrag til lønsemda for einskildbruka og gjev gode inntekter til kommunen. Dei næraste frå Stølselva er Mo, Sagelva, Stølslia,

Nydal og Stakaldefossen. I tillegg er det gjeve konsesjonsfritak for Husetuftelva som er naboelva til Støselva i aust...

#### Avbøtande tiltak

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 20 liter/sek heile året. Dette er litt meir enn alminneleg lågvassføring (17), men litt mindre enn 5-persentil sommar.

### **3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden**

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 6,0 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er ca. 23 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 3,85 kr/kWh, som er middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av dam og inntak, nedgravd rørgate og kraftstasjon samt redusert vassføring i Støselva.

#### Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

#### Landskap, friluftsliv og turisme.

Støselva er lite synleg frå området rundt m.a. på grunn av tettvegetasjon. Bilvegen kryssar elva på kote 270 og går deretter eit stykke oppover aust for elva. Elva er lite synleg både frå bilvegen og frå traktorvegen høgare oppe. Det er fleire små fossefall i elva, men desse er lite synlege. Rørgatetraseen vil bli det mest synlege inngrepet, men denne vil gro til over tid.

#### Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

#### Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. § 9 undersøking må gjennomførast. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til etterfølgjande sakshandsaming, eventuelt utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

#### Samla vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen meiner at tiltaket vil bety små konflikhtar i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt konsesjon.